

4. klasse vil setje verdsrekord!

27.11.2020



Iver, Ola og resten av 4.klasse synes det er gøy med verdsrekordforsøk.

4.. klasse ved Uskedal skule er i gang med eit spennande prosjekt. Dei satsar på å setja verdsrekord i fingerheklning. Pågangsmot og motivasjon er på topp, og dei har alt hekla så mykje og brukt så mykje garn, at dei treng hjelp med meir garn. Derfor har vi motteke meldinga nedanfor.



Ivrige, unge fingerheklarar treng meir garn for å nå målet om verdsrekord.

4. klasse ved Uskedalen skule har sett seg eit mål – dei vil setje verdsrekord i samanhengande fingerhekling. Gjeldande rekord er nesten to mil! Dei er godt i gong, men skap og skuffer vert fort tømt for garn når ivrige hender har sett seg eit mål.

*Klassen ber derfor om hjelp. Er det nokon som har restegarn liggjande som dei kan avsjå til prosjektet? Klassen er svært takksame for alle typar garn. Ta kontakt med **Monica Hermann, telefon 906 35 493** dersom du kan hjelpe.*

Vi seier lukke til med prosjektet og gler oss til bygda kan ha sine unge verdsrekordhaldarar!

Tekst: Monica Hermann/Thor Inge Døssland

Foto: Monica Hermann/Merethe Eide

Nett: Thor Inge Døssland